

Vedtekter for kommunale råd - vedteke i KS-sak 066/22 den 8.september 2022.

1. Formål

Kommuneloven §5-2. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger).

Råda skal bidra til at ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra ei brei, open og tilgjengeleg medverking i saker som omhandlar dei.

Råda si rolle er å gje anbefalingar og innspel, men det er opp til kommunestyret å fatte vedtak i dei einskilde sakene. Råda si anbefaling skal følgje saksdokumenta til det kommunale rådet som avgjer saka endeleg. Som rådgjevande organ skal fokuset være mot saker på eit overordna nivå, blant anna budsjett og kommuneplaner. Råda skal ikkje ta opp saker som omhandlar einskildpersonar, men saker av prinsipiell karakter som omhandlar eldre og personar med nedsett funksjonsevne som gruppe. Rådet kan ta opp saker på eige initiativ.

2. Val og samansetjing

Råd for brukarmedverknad skal ha 7 medlemmer og 7 varamedlemmer i nummerert rekkefølge.

Ungdomsrådet skal ha 8 medlemmer (2 frå kvart klassetrinn på ungdomsskulen og 2 frå 1.trinn i vidaregåande skule)). Det er kommunestyret som formelt vedtek samansetjing av rådet (forskrift om medvirkningsordninger).

Val av **råd for brukarmedverknad** gjeld for den kommunale valperioden. To av medlemmene i rådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. Det er ikkje krav om at representantane som blir valt til rådet sjølv må være eldre eller ha nedsett funksjonsevne. Både personar med funksjonsnedsetting og andre, for eksempel pårørande, kan være medlem av rådet. Det er ikkje krav om at ein må vere folkeregistrert som busett i kommunen for å kunne veljast inn i rådet.

Ungdomsrådet skal veljast kvart år, med gjenval på representantane frå 9. og 10. klasse. Nye 8. klasse representantar veljast ved skuleoppstart.

Råda bør vere breitt samansett og det er krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 %. Kommunestyret oppnemner ein kontaktperson blant politikarane i kommunestyret.

Organisasjonar som representerer ungdom, eldre og personer med nedsett funksjonsevne har rett til å fremme forslag om medlemmer til det rådet som representerar deira interesser. Det er råda sjølve som vel leiar og nestleiar.

3. Omfang

Råda set i utgangspunktet opp ein møteplan med fire møter i året. Ved høve skal råda ha møter når leiaren finn det naudsynt. Møta skal haldast for opne dører. Rådet skal bli kalla inn skriftleg etter godkjent møteplan, og med minst 7 dagars varsel. Saksdokumenta skal sendast til medlemmane, samt leggst ut på kommunens heimeside.

Råda kan fatte vedtak når minst halvparten av medlemmene er til stades . Avgjerd blir gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal er leiaren si dobbeltstemme avgjerande. Råda har rett til å uttale seg før kommunestyret vedtek reglement, budsjett og sekretærordning for råda.

4. Årsmelding

Råda skal kvart år utarbeide ei årsmelding om si verksemd og legge fram denne i kommunestyret. Årsmeldinga bør innehalde ei oversikt over medlemane, mandatet og kva for saker rådet har behandla i løpet av året som har gått. Det kan i tillegg innehalde ei kort oppsummering av råda sine uttalar.

5. Leiaren sitt ansvar

Leiar skal setja opp sakslista og vera møteleiar. Innkallinga skal innehalde saksliste. Leiaren kan få hjelp frå sekretæren til å setja opp saksliste. Leiar kan kalle inn til møter i rådet, dersom det er naudsynt.

Leiaren kan bestemme å behandle ei sak skriftleg eller i hastefjernmøte dersom det er nødvendig for å få avgjort ei sak før neste møte, og det enten ikkje er tid til å halde eit ekstraordinært møte, eller saka ikkje er så viktig at eit ekstraordinært møte er nødvendig.

6. Sekretariatshjelp

Råda skal ha tilstrekkeleg sekretariatshjelp. Sekretæren er tilsett i kommunens administrasjon. Sekretæren vil kunne hjelpe til med møteinnkalling, utforming av saksliste, bestilling av møterom, føring av møtereferat/møtebok og utsending av råda sine uttalar. **Sekretær for råd for brukarmedverknad** skal ha oversikt over og kjennskap til sakene i kommunen som gjeld eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. **Sekretær for ungdomsrådet** må jobbe tett med ungdommene i kommunen og ha kjennskap til sakene dei er optekne av. Sekretæren kan organisere opplæring og informasjon til rådet ved oppstart av ny periode. Sekretæren kan sjølv stå for opplæringa eller innhente andre aktørar.

7. Kunngjere møter og møtebok

Medlemane av dei kommunale råda reknast som folkevalde etter ny kommunelov, på line med andre som sit i folkevalde organ. Råda sine møter er opne. Det blir lagt ut på kommunen sine heimesider når og kor møta er. Sakslista og andre dokument som ikkje er unnteke frå offentlegheit, skal også vera tilgjengelege for alle der. Dette er oppgåver som sekretæren vil kunne hjelpe til med. Det skal og bli ført møtebok som blir offentleggjort på same staden. Det gjeld dei same krava som for folkevalte organ i kommunen.

8. Økonomi

Kommunestyret løyve naudsynte midlar til drift av råda. Kommunestyret kan gi råda i oppgåve å fordele bevillingar, det inneber at råda kan gjevast rett til å avgjere korleis midlar skal bli fordelt.